

Lijp

Emnenr. 40, 41, 42 og ~~xxx~~ 7.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr. 7.

Herad: B ø m l o

Emne: Ymse bruk av kvæe.
Reip og tau.

Bygdelag:

Oppskr. av: ~~Johns.~~ Tvedt

Gard: Vorland

(adresse): Bømlo

G.nr. 58 59 Br.nr. 36

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Emne nr. 40. YMSE BRUK AV KVAE+ SVAR

Ordet kvæe er lite kjend i Bømlo. Eg har tala med 2-3 gamle menn, som ikkje visste ka kvæe var. Sjølv var eg med min mor-far på Tysnes då han i 1889 hogde ei bjørk, som han losta never og bork av (i juni?). Han tok då ein spon og skrapa noko sevje av og gav meg. Så skrapa eg sjølv og tykkjest ennå kjenna den søte smaken.

Her på Bømlo har vore og er lite og inkje lauvskog. Berre på innsida av øya er litt furuskog. Ein kjenner difor til at om ei furu får eit øksehogg så renn kvæe ut og vert til harpeis. Men som sagt lite kjend og aldri bruka til noko.

Emne nr. 41 og 42. REIP OG TAU+

Eg har tala med fleire gamle folk her, men ingen kan minnst at her har vore laga reip eller tau her. Eg finn difor ikkje å kunna svara på desse spørsmål.

Emne nr. 7. S K A V.

I Bømlo har det i manns minne ikkje vore brukt skav til før grunna det at her var lite og inkje lauvtre. Hjelpeforet her var lyng, som folk skar med sigd og bar heim frå utmarka i sekkjevis.

Eg har berre ein gong (i 1890-åra) sett ein gamal mann skava borken av ein raun og gi skavet til ei ku.

Det heiter: Eg skjev - eg skov - eg har skave - eg vil skava.

Då eg ikkje veit meir om skav er det uråd å seia meir.

avskrevet.

avsk.